

VEDTEKTER BOLSTADØYRI ELVEFOND.

1. SKIPING.

Bolstadøyri Elvefond er skipa av Bolstadelva Grunneigarlag i samband med semja mellom grunneigarane v/Bolstadelva Grunneigarlag og BKK om reguleringserstatning.

Grunnkapitalen i fondet er kr. 50.000,-

2. FØREMÅL.

Bolstadøyri Elvefond er ei privat stifting i Voss kommune med det føremålet å betra laks og aure-bestanden i Bolstadelva.

Under føremålet inngår også støtte til og iverksetjing av tiltak som kan oppretthalda, utvikla og betra tilhøva for laks og aurebestanden, også fiske etter desse artane, både kvalitativt og kvantitativt.

Bolstadøyri Elvefond kan ikkje driva økonomisk verksemd.

3. ORGAN

Organ i fondet er følgjande:

- Årsmøtet
- Styret
- Revisor

4. ÅRSMØTET

Årsmøtet skal kallast saman innan 30.mars kvart år av formannen i styret og med 14 dagars varsel.

Årsmøtet består av det styret som skal starta verksemda si frå og med nemde årsmøte. Styremedlemer som går ut av styret, har møterett.

Årsmøtet skal handsama:

1. Årsmelding frå styret frå føregående driftsår
  2. Revidert rekneskap.
  3. Fastsetja honorar for styret og forretningsførar.
  4. Ta stilling til dei eventuelle kommentarane som er komne til styret vedrørande utsendt årsmelding og rekneskap.
  5. Andre saker som er nemnde i innkallinga.
5. STYRET.

Fondet vert leia av eit styre som er samansett av 5 medlemer som er valde for to år om gongen.

4 medlemer vert oppnemnde av årsmøtet i Bolstadelva Grunneigarlag, slik at årsmøtet i Bolstadelva Grunneigarlag vel to representantar kvart år.

Eit medlem vert oppnemnd av Voss-og-Nordhordaland-laksestyre.

*Fylket eller Fylkesmannen*

Fondet vert teikna av formannen og to av styremedlemene.

Styret kan gi fullmakt (prokura).

Oppgåvene til styret vert fylgjande:

- a. Forvalta midlane i fondet i samsvar med dei føremåla som er sett.
- b. Oppnemna forretningsførar og gi han instruks.
- c. Andre oppgåver som vert pålagde av årsmøtet.

Styret skal syta for at årsmelding og rekneskap for føregåande år vlegg føre pr. 31. januar neste år. Innan 2 veker skal årsmeldinga med revisor sine kommentarar, sendast til Bolstadelva Grunneigarlag, Voss kommune og Fylkesmannen i Hordaland. Dei har rett til å koma med kommentarar tildet materialet dei har fått tilsendt, og årsmøtet har plikt til å handsama dette.

## 6. REVISOR

Fondet skal ha ein revisor som er autorisert, registrert eller statsautorisert. Revisor vert vald av årsmøtet.

## 7. OPPLØYSING.

Dersom fondet brukar opp midlane- og heller ikkje får tilgang på nye midlar, eller situasjonen er slik at styret finn det naudsynt å løysa opp fondet, har styret plikt til å leggja fram opplysingsframlegg for årsmøtet.

Fondet kan berre oppløysast når det er godkjent av Fylkesmannen i Hordaland.

Ved opplysing av fondet skal eventuelle restverdiar verta overførde til Voss kommune, som pliktar å disponera dei til tiltak for fiskeressursane i Vosso.

---

Desse vedtektena er samrøystes godkjende i møte i Bolstadelva Grunneigarlag  
29 september 1988.

Bolstadøyri 10.november 1988

*Svein Mykkeltvedt.*  
Svein Mykkeltvedt.